

# Grublerommet som ide

Skaftun, Sønneland og Berge, 2023.

Lesesenteret, UiS / [språkløyper.no](http://språkløyper.no)



Illustrasjon: Matilda Wiklund

Å lage rom for dialog i klasserommet handlar om ei fordeling av taletid mellom lærar og elevar som gjer elevane anledning til å bruke stemma og språket sitt til å tenke og snakke seg inn i ei forståing av det vi vil dei skal lære. Det handlar og om å gje oss innsikt i kva elevane faktisk forstår, slik at vi kan legge til rette for elevane si vidare utvikling.

Gruppesamtalar er tilsynelatande ein enkel måte å utvide rommet på slik at alle kan sleppe til, ettersom heilklassem samtalen nødvendigvis gir mindre plass til kvar og ein. Samtidig, slike rom er inga sjølvfølge i ein skulekvardag som er prega av stram agenda kor mykje står på planen (og mykje skal gjennomgås). For læraren er det og eit poeng å ha litt styring og kontroll på det som skjer, og helst og ein ide om kva som er hensikta med samtalen. Med eit slikt utgangspunkt er det kort veg til å betrakte gruppesamtalar som bortkasta tid, eller til å lage detaljerte føringar for gruppearbeidet for å gjere tidsbruken meir hensiktsmessig.

I tidlegare økter har vi snakka om og utforska korleis førstehandserfaring av faglege problem skapar engasjement. Denne erfaringa er det lett å gløyme når vi planlegg undervisningsaktivitetar. Om vi verkeleg ønsker å skape rom for førstehandserfaring, så må vi planlegge først og fremst for å unngå at vi planlegg for mykje; vi må tøyse ryggmargsrefleksjonen som styrer oss mot stramme opplegg, samtidig som vi må innstille oss på openheit som ikkje skapar fullstendig kaos. Det er inga enkel oppgåve, og det inneber ein dose risiko for oss fordi vi gir avkall på litt av kontrollen over det som skjer i gruppene. Samtidig er denne risikoen nødvendig for å tenne engasjementet i elevane. Kva som er akseptabel risiko vil vere forskjellig frå lærar til lærar og frå klasse til klasse. Men om vi ønsker å skape levande dialogiske rom, så er eit minimum av risiko ein uunngåeleg start.

Opne tekstsamtalar kvar veke i elevgrupper er ein meiningsfull aktivitet som ikkje tar urimeleg mykje tid, og som samtidig gjer mange erfaringar som kan vere grunnlag for refleksjon over eigen praksis i profesjonsfellesskapet. Da vi gjennomførte dette opplegget på mellomtrinnet, kalla vi aktiviteten for “grublerommet”. Ein risiko er at aktiviteten forblir

noko ekstraordinært som ikkje har noko med undervisinga å gjere. Den risikoen er det verd å ta fordi vi veit så mykje om kva føremoner han har. Føremålet med aktiviteten er å eksperimentere i eigen praksis saman med kollegaer, og kanskje oppdage noko som det er meiningsfylt å ta inn i eigen praksis på sikt. Det er ein erkjenningsprosess som tek tid. For nokon vil dette vere etablert praksis, mange vil kjenne igjen tankegodset, sjølv om det ikkje nødvendigvis er omsett til eigen praksis. For nokon vil det vere både nye tankar og ny praksis. Erfaringar frå grublerommet vil produsere spesifikke, avgrensa og rike eksempel som gjer grunnlag for meiningsfulle diskusjonar av heilskaplege “problem” – ikkje ulikt den funksjonen dei korte tekstane har i tekstsamtalane.

Det viktige er ikkje kva vi kallar aktiviteten, altså, men meir at han blir ein del av kvardagen; eit møte i det dialogiske rommet kvar veke, som etter kvart kan utvidast til oppfølging i heilklasse. I utgangspunktet føregår dette arbeidet litt i utkanten av ein travel kvardag, og vil ikkje forstyrre eller oppta verdifull undervisingstid. Vi håper og trur at de vil høste erfaringar i det små, som de kanskje kan fortsette å utvikle som del av eigen undervisningspraksis.

Når vi så skal sette i gang grublerom, så er det ikkje nok å bare droppe dei detaljerte bestillingane som ramme for aktiviteten. Dette gjeld i særleg grad når aktiviteten er ny for alle involverte. Her er det mange moglegheiter og ingen fasit, men det er viktig å hugse på at vi har denne eine sjansen til å kople elevane på, på ein måte som dei opplever som motiverande for samtalen. Difor er det viktig å unngå at oppgåva vert tolka som ei spesifikk bestilling på noko vi som lærarar allereie har svar på. Vi kan i staden legge til rette for at elevane sine behov for å forstå kva teksten dei les handlar om, styrer innramminga til samtalen. Her er fire eksempel på instruksar som har vore brukt:

- (1) “I dag har eg med meg ein tekst som er vanskeleg å finne utav. Vi lærarar har snakka saman om han og blir ikkje heilt einige om korleis vi skal forstå han. Først skal vi lese teksten individuelt. Deretter vil eg gjerne at de utforskar teksten saman, og ser om de finn utav kva han handlar om?”
- (2) “Kan de saman sjå om de finn utav kva teksten handlar om?”
- (3) “Diskuter teksten saman og ta gjerne utgangspunkt i noko de la merke til, eller noko de lurar på”

(4) “Les teksten med penn i hand, og strek under stader du festar deg ved. Utforsk teksten saman etterpå, og hugs å la alle i gruppa få sei kva dei har festa seg ved før samtalen løper fritt.”

Oppgåva til neste gong er å etablere grublerom som ein aktivitet på vekebasis. Før de ser på oppgåva, er det fint å lufte nokre forventningar i fellesskap, og ikkje minst nokre tankar om korleis de vil sette i gang ein utforskande tekstsamtale.